

Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

Bakgrunn og føremål

Kvar haust er det om lag 100 – 120 ungdommar som har behov for læreplass i Sogn. Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring og tilbodet for lærlingane. Kommunane skal styrke tilbodet til eigne innbyggjarar, og bidra til kompetansebygging og rekruttering av arbeidskraft som det er behov for i lokalt og regionalt arbeidsliv. Både for ungdommane, dei føresette og for bedriftene vil det vere tenleg å avklare læreplass så tidleg som mogleg. Dette vil verke motiverande for mange ungdommar å vite at det står "klar" ein konkret læreplass. Auka motivasjon vil vi vonleg sjå igjen i auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, eit av dei viktigaste skule- og ungdomspolitiske måla i landet.

Sogn regionråd vil bidra til at det blir fleire læreplassar i kommunane og i private verksemdar. Regionrådet har som strategi at tilbodet i vidaregåande skule i regionen skal samsvara best mogeleg med det næringsliv, offentlege verksemdar, ungdom og utdanningssøkjande etterspør. NHO og LO vil bidra i samarbeidet med å forankra lærlingeordninga (fagopplæringa) i alle relevante bransjar, slik at det blir skaffa flest mogleg læreplassar til elevar som ønskjer det. Fagopplæringsnemnda er partssamansett og har særleg ansvar for å gi råd og uttale til hovudutval for opplæring i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa. Fagopplæringsnemnda skal arbeide med rekruttering av læreplassar og lærlingar, og kvalitet i fagopplæringa.

Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.

Avtalepartar

Avtalen er mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO Sogn og Fjordane, LO Sogn og Fjordane og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Tiltak og samarbeidsområde

Dei viktigaste tiltaka og samarbeidsområda vil vera:

- kommunane deltek på samlingar om lærlingordninga
- temaet blir jamleg sett på dagsorden i regionrådet og i kommunane sine nettverk og samarbeidsfora
- LO og NHO deltek i samarbeidsforum saman med kommunane, fylkeskommunen og regionrådet
- LO og NHO profilerer og argumenterer fagleg for behovet for læreplassar overfor kommunane og verksemdene
- informera bedrifter om lærlingordninga for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar
- informera ungdomsskuleelevar om moglegheitene som fag- og yrkesopplæringa gir og bidra til god rekruttering til yrkesfagleg utdanning
- synleggjera behovet for fagarbeidarar og gode yrkeskvalifikasjonar i arbeidslivet
- få fram betre og meir synlege overgangar frå yrkesutdanning til høgare utdanning
- styrka omdømme og bidra til statusheving for yrkesfagleg utdanning
- fylkeskommunen gjer aktuell statistikk og analyse tilgjengeleg for å auke kunnskapsgrunnlaget om fagopplæring.
- kommunane arbeider for å nå målet om ein lærling pr tusen innbyggjar
- aktivt arbeide for at fleire arbeidstakarar tek fagbrev til dømes gjennom praksiskandidatordninga

Organisering av samarbeidet

Partane etablerer tenleg samarbeidsstruktur. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ein jamleg dialog for å vidareutvikla samarbeidet. Partane skal syte for å:

- Sikre politisk/administrativ forankring i eigen kommune/organisasjon
- Informera aktivt i alle relevante ledd i eigen kommune/organisasjon
- Informerer kvarandre gjensidig i høve aktuelle arrangement og møte som gjeld arbeidet med å styrka lærlingordninga
- Bringe relevante satsingar inn i samarbeidet
- Bidra til å stilla til rådvelde nødvendige ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar

Avtaleperiode og evaluering

Avtalen gjeld fram til 31.12.2018. Partane evaluerer føremål, tiltak og resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen i det årlege møte.


8. april 2016



Petter Sortland
Sogn regionråd



Bekka Skaasheim
Sogn og Fjordane fylkeskommune



Nils P. Støyva
LO Sogn og Fjordane



Jan Atle Stang
NHO Sogn og Fjordane